



Møre og Romsdal
fylkeskommune

adresseliste

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
		43679/2013/KOMMUNEPLAN	Johnny Loen, 71 25 82 88	28.06.2013

Gjemnes, Kristiansund og Molde kommunar - kommunedelplanar for nytt felles akuttsjukehus - varsel om oppstart med planprogram

På vegner av kommunane Gjemnes, Kristiansund og Molde vert med dette varsla oppstart av arbeidet med kommunedelplanar for eit nytt felles akuttsjukehus for Nordmøre og Romsdal. Som grunnlag for prosessane er utarbeidd eit felles planprogram som ein no ber om innspel til. Arbeidet er gjennomført i samarbeid med Helse Møre og Romsdal HF.

Vedtak om oppstart/forslag til planprogram er gjort slik:

- Gjemnes kommune 12.06.2013, formannskapet sak 62/13
- Kristiansund kommune 13.06.2013, plan- og bygningsrådet sak 13/32
- Molde kommune 18.06.2013, plan- og utviklingsutvalget sak 78/13

Den einkilde kommunen vil syte for medverknad og informasjon innan sin kommune.

Vi gjer merksam på at Møre og Romsdal fylkeskommune har ei rolle som koordinator i desse prosessane. Av den grunn vil vi be Oppland fylkeskommune vere settefylkeskommune i høyringsprosessen.

Planprogrammet gir oversyn over kva spørsmål ein ser som viktig å drøfte i prosessane, kva utgreiingar som er nødvendig å gjennomføre, korleis det er tenkt om medverknad og framdrift, og korleis prosessane er organisert. Det er desse punkta ein no ber særskilt om innspel på.

Det vil seinare kome eit konkret planforslag til offentleg ettersyn, men det er sjølv sagt allereie no høve til også å gi konkrete innspel om planløyningar. Alle innspel vil bli arkivført, drøfta og tekne med vidare i prosessane.

Planprogrammet er vedlagt, men er i tillegg lagt ut på heimesidene til dei tre kommunane, samt på fylkeskommunen sine heimesider. Fråseigner kan ein sende til ein av dei fire adressatane nedanfor, anten på papir eller epost, **innan 1 september 2013**

Etter høyringsrunden vil alle fråsegnene bli gjennomgått og drøfta, planprogrammet blir oppdatert tilsvarande og sluttbehandla i alle kommunane. Vi gjer merksam på at noko av utgreiingsarbeidet allereie er igangsett. Dette er nødvendig for framdrifta sin del. Nødvendige korrigeringar vil bli gjort i samsvar med endeleg vedtak om planprogram.

Post- og nettadresser:

Gjemnes kommune, 6631 Batnfjordsøra

post@gjemnes.kommune.no

www.gjemnes.kommune.no

Kristiansund kommune, Postboks 178, 6501 Kristiansund

postmottak@kristiansund.kommune.no

www.kristiansund.kommune.no

Molde kommune, Rådhusplassen 1, 6413 Molde

postmottak@molde.kommune.no

www.molde.kommune.no

Møre og Romsdal fylkeskommune, Fylkeshusa, 6404 Molde

post@mrfylke.no

www.mrfylke.no/medverknad

Dette brevet er elektronisk godkjent og vil ikke bli utsendt i papir.

Med helsing

Ole Helge Haugen
Fylkesplansjef

Johnny Loen
Plansamordnar

Vedlegg:

Framlegg til planprogram, datert 4.6.13

Adresseliste:

Kommunane i Møre og Romsdal

Regionråda

Høgskulane i Møre og Romsdal

Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Statens Vegvesen Møre og Romsdal

Avinor

Møre og Romsdal sivilforsvarsdistrikt

Møre og Fjordane heimevernsdistrikt

Nordmøre og Romsdal politidistrikt

NHO Møre og Romsdal

LO Møre og Romsdal

FFO Møre og Romsdal

Frivilligsentralene (nettverksleder)

Mental Helse Møre og Romsdal

Møre og Romsdal Røde Kors

Norsk Pensjonistforbund Møre og Romsdal

Nasjonalforeningen for folkehelsen Møre og Romsdal

Møre og Romsdal legeforening

Norsk Sykepleierforbundet Møre og Romsdal

Fagforbundet Møre og Romsdal

Helse Møre og Romsdal HF

Helse Midt-Norge HF